

ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Att.Lovise Bauger

Dykkar ref.: 24/2426
Vår ref.: 2024/700 - 10832/2024

Saksbehandlar:
Gina Beate Holsen

Dato:
20.10.2024

Høyring - NOU 2024: 11 Lågløn i Noreg

Helse Vest takkar for invitasjonen til å gi innspel til ovannemnte høyring.

Vi vil innleiande vise til at Spekter har vore representert i utvalet, og dei stiller seg bak dei einstemmige tilrådingane frå utvalet. Helse Vest støttar derfor opp om Spekter sitt høyringsinnspel.

Utvalet slår fast at det norske arbeidslivet har eit høgare lønsnivå for dei lågast lønte og mindre lønsforskjellar enn dei fleste andre land. Etter ein periode der lønsforskjellane og omfanget av lågløn auka i Noreg har lønsforskjellane vore stabile frå 2015 til no. Utvalet meiner det norske systemet for lønsdanning i stor grad fungerer godt når det gjeld å avgrense omfanget av lågløn. Derfor er ei høg organisasjonsgrad både på arbeidstakar- og arbeidsgivarsida, i tillegg til ei høg tariffavtaledekking vesentleg for å sikre framleis små forskjellar.

Det er viktig at tiltak for å oppnå auka organisasjonsgrad og tariffavtaledekning må balanserast mot omsynet til behovet for verksemda. Dette gjeld også tiltak direkte retta mot å avgrense lågløn som allmenngjeringsordninga.

Høg tariffavtaledekking må søkjast nådd med rette verkemiddel

Både *Lavlønnsutvalget* og *Frontfagsmodellutvalget* (NOU 2023: 30) viser til at auka organisasjonsgrad og tariffavtaledekking er særleg viktig for å sikre akseptable løns- og arbeidsvilkår for dei som tener minst. Helse Vest er oppteken av at målet om høg tariffdekning må søkjast nådd med verkemiddel som ikkje hindrar nødvendig utvikling og auka produktivitet.

Lovreguleringar må vegast opp mot arbeidsgivars behov

Låglønnsutvalet har drøfta innføringa av lovreguleringar som gir meir fleksibilitet for verksemdar med tariffavtalar som verkemiddel for å styrkje tariffavtaledekkinga.

Innskrenkinga i arbeidsmiljølova § 14-12 *Innleie frå verksemd* som har til formål å drive utleige (bemanningsføretak) inneber avgrensing i arbeidsgivars tilgang til å nytte innleigd arbeidskraft frå bemanningsføretak. Det blir likevel opna opp i § 14-12 2) for at «*I virksomhet som er bundet av tariffavtale inngått med fagforening med innstillingsrett etter arbeidstvistloven kan arbeidsgiver og tillitsvalgte som til sammen representerer et flertall av den arbeidstakerkategori innleien gjelder, inngå skriftlig avtale om tidsbegrenset innleie uten hinder av det som er bestemt i første ledd*»

Formålet med dette føresegnet er at det skal bidra til høgare tariffdekking i verksemdene. Likevel ser vi at slike føresegn ofte blir nytta som ein del av forhandlingsstrategien for fagforeningar ovanfor arbeidsgivar til å fremje krav arbeidsgivar må innfri før verksemda kan få tilgang til nødvendig arbeidskraft. Helse Vest meiner det ikkje er i tråd med intensjonen til føresegna, og bidreg til å undergrave formålet med føresegna.

Vilkåret svekkjer handlingsrommet til verksemdene og avgrensar fleksibiliteten som mange verksemdar er avhengige av i møte med sesongvariasjonar, konjunktursvingingar, og ved behov for ekstraordinære behov/ særleg spesialisert arbeidskraft. Dette vil igjen kunne påverke evna verksemdene har til utvikling, omstilling og auka produktivitet. Uavhengig av desse merknadane legg vi til grunn at bruk av innleige skal vere så avgrensa som mogleg, i tråd med gjeldande føresetnader.

AFP er eit lite treffsikkert verkemiddel mot lågløn

Utvalet har overordna også drøfta meir direkte økonomiske støtteordningar for å styrkje det organiserte arbeidslivet som det offentlege bidraget til finansiering av avtalefesta pensjon (AFP) i privat sektor.

Helse Vest er kritisk til at AFP-ordninga skal bli eit verkemiddel for å styrkje tariffavtaledekninga, ettersom ordninga ikkje treffer dei mange lågtlønnte som står utanfor det organiserte arbeidslivet. Dette er dei arbeidstakarane som i dag oftast har dei dårlegaste tenestepensjonsordningane. Vi meiner det ikkje kan forsvarast at staten i stor grad finansierer ei slik skeivfordeling. AFP ordninga bør heller bli ein del av den generelle alderspensjonen i folketrygda, eller i dei obligatoriske tenestepensjonsordningane. Det meste av utgiftene til AFP må finansierast av arbeidsgivar og for mange arbeidsgivarar blir derfor AFP snarare eit argument for ikkje å inngå tariffavtalar enn det motsette.

Helse Vest støttar målet om høg tariffdekking, men vi meiner at slike avtalevilkår er eit uheldig verkemiddel for å nå målet. Spesialisthelsetenesta er «heldige» som har høg tariffdekking og organisasjonsgrad. Det bidra til god medverknad på alle nivå og blir særleg vektlagt for føretaksgruppa Helse Vest.

Allmenngjering av tariffavtalar

Låglønsutvalet meiner allmenngjeringsordninga bidreg til å halde oppe eit akseptabelt lønsgolv i bransjar der det er mykje arbeidsinnvandring og krevjande å halde fagordningar og tariffavtaledekninga oppe. Utvalet foreslår ingen større endringar i ordninga, men foreslår at styresmaktene og partane løypande bør vurdere om ordninga fungerer tilfredsstillande.

Allmenngjeringsordninga inneber at visse tariffavtalar blir gjorde gjeldande for arbeidstakarar innan ein bransje, uavhengig av om verksemdene har tariffavtale eller ikkje.

Helse Vest er av den oppfatning at allmenngjeringsinstituttet representerer eit stort inngrep i den frie konkurransen mellom bedrifter. Allmenngjering bør difor avgrensast til dei tilfella der det er strengt nødvendig og i tråd med formålet med føreseigna, som er å hindre sosial dumping. Vi minner og om at det og er mogleg å vere medlem i ulike fagforeiningar som omfamnar dei same yrkesgruppene. Det talar og for at ein generell allmenngjering der det er mange ulike fagforeiningar som kan vere aktuelle for arbeidstakarar.

Oppsummering

Helse Vest støttar konklusjonane frå utvalet og er oppteken av å avgrense omfanget av lågløn og auke tariffavtaledekninga.

Vennleg helsing

Hilde Christiansen

Direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi

Dokumentet er elektronisk godkjent av:Hilde Brit Christiansen direktør medarbeider, organisasjon og teknologi

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)